



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Stad:	Herøy rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	28.11.2013
Tid:	16:30 – 19:45

Medlemer som møtte:

Olaug Andreassen	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Janita Iren Westbø Remøy	Medlem	AP
Reidun S Myrvågnes	Medlem	AP
Svein Gjølseth	Medlem	AP
Sofie Mere Arntsen	Medlem	AP
Camilla Storøy Hermansen	Medlem	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Frank Otto Kvalsvik	Medlem	KRF
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Nestleder	H
Idar Tarberg	Medlem	H
Frank Lied	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Bjørn Otterlei	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Malene Frøystadvåg Remøy	Medlem	H
Marthe Vågsholm Sævik	Medlem	H
Stian Sævik Elveseter	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP

Forfall:

Linn-Therese Hansen Sævik	MEDL	KRF
John Nerem	MEDL	KRF
Henry Jøsokbakke	MEDL	V
Fred Hansen	MEDL	H
Richard Klungsøyr Gjerde	MEDL	H
Sigurd Voldsund Nygard	MEDL	H
Kirsti Hammerø	MEDL	H
Stig Arne Helsem Sævik	MEDL	H
Dag Kåre Nærø	MEDL	FRP
Thor-Sigmund Garvik	MEDL	FRP
Bjarne Kvalsvik	MEDL	FOLK/SP
Kaja Runde	MEDL	FOLK/SP

Varamedlemer som møtte:

Edel Kvalsund Goksøy	Linn-Therese Hansen Sævik	KRF
Mona Grethe Ryssevik	John Nerem	KRF
Magnar Storøy	Henry Jøsokbakke	V
Knut Tandberg	Stig Arne Helsem Sævik	H
Oddmund Voldsund	Richard Klungsøy Gjerde	H
Bjørg Karin Knotten Sund	Kirsti Hammerø	H
Hege Nedreberg Vestavik	Sigurd Voldsund Nygard	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Dag Kåre Nærø	FRP

Andre:

Rådmann Erlend Krumsvik
Sekretær Lisbeth Moltu Espeseth
Planleggar Berit Sandvik Skeide
Barnehageleiar Laila Kvalsund Solhaug
Skuleleiar Sølvi Lillebø Remøy

Møtet vart annonsert med fullstendig sakliste i Vestlandsnytt og sakliste vart sendt til medlemene og dei fremste varamedlemene i kvar gruppe.

Tilstades 21 faste og 8 vara, tilsaman 29 representantar, 4 mindre enn fulltallig.
Ingen hadde merknader til kommunestyret si samansetning.

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vart desse valde:
Per Kristian Furø og Camilla Storøy Hermansen

Frank Lied fekk permisjon frå kl. 19:00, under handsaming av K-sak 154/13.

Styreleiar Arnulf Goksøy orienterte kort om status for bygginga av Sunnmørsbadet etter ønskje frå AP v/Svein Gjelseth. I kommunestyremøte i januar vil styreleiaren gi ei grundigare orientering.

underskrifter

Camilla Storøy Hermansen

Arnulf Goksøy
ordførar

Per Kristian Furø

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 138/13	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 139/13	Protokoll frå førre møte.
PS 140/13	Delegasjonssaker
PS 141/13	Referatsaker
PS 142/13	Reguleringsendring for gnr. 34, bnr. 22 m.fl (Sjøsida Eigedom AS)
PS 143/13	Områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn Klage på kommunestyret sitt vedtak
PS 144/13	Detaljreguleringsplan for Kvalsund - Slutthandsaming
PS 145/13	Grunnavtalar nytt bustadfelt Moltustranda.
PS 146/13	Søknad om pantefråfall. Stiftinga Kyrkjelydshuse for Leikanger sokn.
PS 147/13	Endra delegasjonsfullmakt frå kommunestyret til rådmann
PS 148/13	Revisjon av retningslinene for utmåling av kommunalt tilskot til ikkje-kommunale barnehagar
PS 149/13	Strategi for å rekruttere pedagogiske leiarar med godkjent utdanning i kommunale og private barnehagar i Herøy
PS 150/13	Mellombels auke av tal barnehageplassar i Myrsnipa barnehage
PS 151/13	Framtidig lokalisering av Herøy folkebibliotek
PS 152/13	Vedk. bygging av 3. byggesteg av Heid Turløype
PS 153/13	Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal - forslag
PS 154/13	Val av skule, retningslinjer
PS 155/13	Val av vararepresentant til arbeidsgruppe for kommunedelplan for trafikktrygging.

Delegasjonssaker frå avdelingane

- DS 327/13 Søknad om tiltak utan ansvarsrett.
- DS 328/13 Stemmedalen Vasslag SA -48/16 - Legging av ny vassledning
- DS 329/13 Baro Mek. Verksted AS 22/60 - Ferdigattest for tiltaket
- DS 330/13 Oddbjørg og Inge Tråseth 16/6 Dispensasjon - restaurer slipp/bygge naust
- DS 331/13 Sirlihaugen Barnehage 29/269 - Ferdigattest - gapahuk.
- DS 332/13 Søknad om løyve til tiltak - garderober, verkstad, kontor, pauserom
- DS 333/13 Larsen Graving og Transport 45/158 - Graving/planering av bustadtomt.
- DS 334/13 Steinar Solbakken 83/8 Ferdigattest - levegg/takoverbygg terrasse
- DS 335/13 Thomas Arnesen 35/19 - Ferdigattest - diverse ombygging på bustadhus.
- DS 336/13 Amalie Leikanger/Ole-Ottar K. Høgstavoll 46/71/2 - Ferdigattest, balkong/terrasse.
- DS 337/13 Thorstein Vasset 44/11 - Løyve til tiltak - utlegging av flytebrygge
- DS 338/13 Dag Remøy 27/92 - Mellombels bruksløyve for einebustad med integrert garasje
- DS 339/13 John Kåre Almestad 24/73 - Ferdigattest, bygging av kai og sjøhus.
- DS 340/13 Rune Vågsholm 29/109 Løyve til tiltak - oppføring av hagestove
- DS 341/13 Arne Klepp 56/48 tiltak - Løyve til rehabilitering av skorstein
- DS 342/13 Silje Berge og Even Fugledal 48/19 - Igangsetjingsløyve - oppføring av bustadhus m/garasje
- DS 343/13 Silje Berge og Even Fugledal 48/19 - Mellombels bruksløyve oppføring av bustadhus m/garasje
- DS 344/13 Arthur Grønmyr 47/2 Tiltak utan ansvarsrett redskapshus/garasje
- DS 345/13 Arne Klepp 56/48 - Ferdigattest på rehabilitering av skorstein
- DS 346/13 Dag Remøy 27/92 - Løyve til endra plassering av bustadhus
- DS 347/13 Gunn Helsem Leine 26/84 - Løyve til tiltak - oppføring av garasjetilbygg.
- DS 348/13 Ida Caroline Aasland og Aleksander Hildre 45/171- Mellombels bruksløyve.
- DS 349/13 Søknadsskjem m/vedlegg
- DS 350/13 Søknad om tiltak utan ansvarsrett.
- DS 351/13 Kjell Arne Løvøy 60/444 - Mellombels bruksløyve for bustadhus

- DS 352/13 Ferdigattest 79/9 og 137 - Hønsehus
- DS 353/13 Ferdigattest 34/362
- DS 354/13 Aina Baade Hasund og Tore hasund - 83/108 - Einebustad med integrert garasje
- DS 355/13 Bygg & System Eigedom AS 23/29 - Mellombels bruksløyve
- DS 356/13 Tore Lillerovde 58/37 - Løyve til tiltak - oppføring av tilbygg og terrasse.
- DS 357/13 Tussa Nett AS 42/122 - Løyve til tiltak oppføring av tilbygg / garasje i Dragsund
- DS 358/13 Ørsta Byggservice AS 25/87 Løyve til tiltak - oppføring av einebustad
- DS 359/13 Sylvia Nærø 27/104 - Ferdigattest - generasjonsbustad m/garasje.
- DS 360/13 Harry Andersen 57/1 - Løyve til tiltak - oppføring av tilbygg / garasje for bubil
- DS 361/13 Gunnar Odd Jøsokbakke 83/49 - Løyve til tiltak - oppføring av tilbygg til bustadhus.
- DS 362/13 Petter Oskar Pettersen Notø 40/6 - Løyve til tiltak - lgnagsetjingsløyve for grunnarbeid på fritidsbustad.
- DS 363/13 Søknad om utvida skjenketid - Oktoberfestival 18.10.-20.10.2013
- DS 364/13 Mellombels bruksløyve 56/90 - seksjon 1
- DS 365/13 Ferdigattest 38/197
- DS 366/13 Elin og Johnny Hundsnes - 46/45 - Terrasse med levegg
- DS 367/13 Søknad om tiltak utan ansvarsrett - tilbygg
- DS 368/13 Aksel Lervik 48/82 - Løyve til tiltak - utfylling av mindre vik for båtsoppstilling
- DS 369/13 John Henrik Steinsvik 44/71 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett - oppføring av altan/platting
- DS 370/13 Bård Kopperstad - 3/3 - Løyve til frådelling av tilleggareal
- DS 371/13 Arnar Steinsvik 18/1 - Ferdigattest
- DS 372/13 Jan-Lennart Berge 18/90 - Søknad om løyve til oppføring av tilbygg
- DS 373/13 Sal av tomt 56/108 - Trolldalen
- DS 374/13 VS: Søknad om fasadeendring, Bygg & System Eigedom
- DS 375/13 Herøy kyrkje 37/15 - Installasjon av løfteplattform / heis.
- DS 376/13 Gnr 36 Bnr 10 _frådelling av bebygd naustparsell.
- DS 377/13 Gnr 12 Bnr 17 og bnr 294 - Frådelling av bustadtomt og parsell til uendra bruk.
- DS 378/13 Gnr 56 Bnr 73 - frådelling av bustadtomt
- DS 379/13 Gnr 27 Bnr 1 - Frådelling av bustadtomt

- DS 380/13 Asgeir Nerø - 59/18 - ferdigattest
- DS 381/13 Ferdigattest - 53/19
- DS 382/13 Ferdigattest - 12/292
- DS 383/13 Gnr 26 Bnr 122,169 og 170 - Frådeling av bustadtomter
- DS 384/13 Gry Olaug Dimmen/Ingmar Jøsokbakke 83/95 - Løyve til tiltak - oppføring av naust
- DS 385/13 Kjøp av gnr. 80/30 av Tømrer Prosjekt AS
- DS 386/13 Ferdigattest - 25/9 - Smaragd as
- DS 387/13 Ferdigattest - 56/90 - heile bygget
- DS 388/13 Pro Flex Møre Eiendom AS - 45/151 - Endring av gitt løyve
- DS 389/13 Melding om ny stedfortredar - Fosnavåg brygge
- DS 390/13 Pro Flex Møre Eiendom as - 45/151-mellombels bruksløyve
- DS 391/13 Søknad om skifte av skjenkestyrar og stedfortredar - Hotel Neptun
- DS 392/13 Ferdigattest - 37/227
- DS 393/13 Jarle Berge 29/267 - Løyve til rehabilitering skorstein
- DS 394/13 Sigbjørn Notøy 48/8 - Ferdigattest rehaulitering av skorstein
- DS 395/13 Ståle Garnes 48/80 - Ferdigattest for oppføring av fritidsbustad
- DS 396/13 Bjarne Kvalsvik - 7/22 - Oppføring av 8 naust
- DS 397/13 Geir Flø, Bård Gjerde og Magnar Lillestøl - 62/27 - 3 stk naust
- DS 398/13 Kjøp av 80/29 på Leikong.
- DS 399/13 Ståle Garnes 48/80 - Løyve til oppføring av takoverbygg/carport
- DS 400/13 Kjøp av gnr. 80/23 av JEIK AS
- DS 401/13 Jostein Storøy - 51/1 - Bruksendring
- DS 402/13 Sunnmørsbadet Fosnavåg as - 29/315 0g 67 - Masseutskifting
- DS 403/13 Ferdigattest - 12/293
- DS 404/13 Sindre Støylen - 34/197 - Garasje og tilbygg altan
- DS 405/13 Eileen Gjerde og Frode Rougnø - 45/170 - Igangsetting betongarbeid, rørlegging og betongelement
- DS 406/13 Kjøp av 80/29 på Leikong.

Referatsaker

- RS 37/13 Innkalling representantskapsmøte Søre Sunnmøre reinhaldsverk 07.11.13
- RS 38/13 SSR - Sakspapir til møte i representantskapet 7. november 2013 kl. 11.30

PS 138/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

- Kort orientering om status på bygginga av Sunnmørsbadet

PS 139/13 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 140/13 DELEGASJONSSAKER

Møtebehandling:

Delegasjonssaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 141/13 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 142/13 REGULERINGSENDRING FOR GNR. 34, BNR. 22 M.FL (SJØSIDA EIGEDOM AS)

Møtebehandling:

Planleggar Berit Sandvik Skeide møtte og orienterte i saka.

Det vart halde gruppemøte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.11.2013

Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, forslag til reguleringsendring for gnr. 34, bnr. 22 mfl., med tilhøyrande reguleringsføresegner sist datert 22.5.2013.

Dette er eit enkeltvedtak, som kan påklagast jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan 3 veker frå kunngjering.

PS 143/13 OMRÅDEREGULERINGSPLAN FOR FOSNAVÅG HAMN. KLAGE PÅ KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK

Møtebehandling:

Planleggar Berit Sandvik Skeide møtte og orienterte i saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.11.2013

Herøy kommune kan ikkje sjå at innkomne klage inneheld nye moment i høve til det som låg føre då områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn vart vedteken i møte 27.6.2013, sak 78/13.

Klaga vert difor ikkje teken til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 78/13. Saka vert å sende Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

PS 144/13 DETALJREGULERINGSPLAN FOR KVALSUND - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Bjørg Sund reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er gift med tiltakshavar. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Bjørg Sund vart samrøystes kjend inhabil etter KL § 40, FVL. § 6, bokstav c.

Planleggar Berit Sandvik Skeide møtte og orienterte i saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.11.2013

Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, forslag til detaljreguleringsplan for Kvalsund, sist revidert 16.9.2013 med tilhøyrande reguleringsføresegner sist revidert 2.10.2013.

Dette er eit enkeltvedtak, som kan påklagast jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og forvaltningslova kapittel VI innan 3 veker frå kunngjering.

PS 145/13 GRUNNAVTALAR NYTT BUSTADFELT MOLTUSTRANDA.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.11.2013

1. Kommunestyret godkjenner grunnavtalar, jfr vedlegg, med fylgjande grunneigarar med sikte på nytt bustadfelt på Moltustranda
 - eigar av gnr. 60, bnr 35
 - eigar av gnr. 60, bnr. 54
 - eigar av gnr. 60, bnr. 74
 - eigar av gnr. 60, bnr 25 og 75

Kjøpesummen vert dekt over tomtefondet.

PS 146/13 SØKNAD OM PANTEFRÅFALL. STIFTINGA KYRKJELYDSHUSE FOR LEIKANGER SOKN.

Møtebehandling:

Solveig Båtsvik reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er med i styret for stiftinga. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Solveig Båtsvik vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL § 6, bokstav e.

Bjørn Otterlei reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er medlem i fellesrådet.

Bjørn Otterlei vart samrøystes kjend habil.

Det vart halde gruppemøte.

Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 28.11.2013

Pantefråfall vert innvilga som omsøkt, der pantet blir vidareført i 1. etg. og på tomta.

PS 147/13 ENDRA DELEGASJONSFULLMAKT FRÅ KOMMUNESTYRET TIL RÅDMANN

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.11.2013

Kommunestyret endrar delegasjonsfullmakta til rådmannen til også å inkludere fylgjande moment:

Rådmannen kan fremje påtale etter straffelova § 79, 5. ledd.

PS 148/13 REVISJON AV RETNINGSLINENE FOR UTMÅLING AV KOMMUNALT TILSKOT TIL IKKJE-KOMMUNALE BARNEHAGAR

Møtebehandling:

Ann Kathrin (Tine) Storøy reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er eigar av 2 private barnehagar. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Ann Kathrin (Tine) Storøy vart samrøystes kjend inhabil etter KL § 40, Fvl § 6, bokstav e.

Camilla Storøy Hermansen reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er andelseigar i ein privat barnehage. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Camilla Storøy Hermansen vart samrøystes kjend inhabil etter KL § 40, Fvl § 6, bokstav e.

Stian Elveseter reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er styreleiar i Huldal privateigde barnehage. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Stian Elveseter vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL §6, bokstav e.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.11.2013

Herøy kommunestyre vedtek framlegg til revisjon av "Retningsliner for utmåling av kommunalt tilskot til ikkje- kommunale barnehagar f.o.m 2014" som dei ligg føre.

Tillegget Herøy kommunestyre vedtok i 2011, står framleis ved lag.

PS 149/13 STRATEGI FOR Å REKRUTTERE PEDAGOGISKE LEIARAR MED GODKJENT UTDANNING I KOMMUNALE OG PRIVATE BARNEHAGAR I HERØY

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.11.2013

Herøy kommune gir eit stipend i samsvar med vilkåra i saksutgreiinga for inntil to fast tilsette pr år i kommunal eller privat barnehage som har søkt og kome inn på arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning.

Ordninga vil gjelde frå hausten 2014.

Rådmannen får i oppdrag å utarbeide retningslinjer og rutiner for gjennomføring av tiltaket.

PS 150/13 MELLOMBELS AUKE AV TAL BARNEHAGEPLASSAR I MYRSNIPA BARNEHAGE

Møtebehandling:

Reidun Myrvågnes reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er styrar i Myrsnipa barnehage. Reidun Myrvågnes vart samrøystes kjend habil.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.11.2013

Kommunestyret er positiv til at det vert gjort tiltak i samsvar med saksutgreiinga for å kunne auke tal barnehageplassar ved Myrsnipa barnehage Tiltaket er mellombels og gjeld i tidsromet januar - juli 2014.

Auka kostnader må leggjast inn som ei føring i budsjett 2014, og endeleg vedtak vert gjort i budsjetthandsaminga 12. desember 2013.

Tiltaket vil våren 2014 utgjere slik kostnad:

1. Ca. kr 270.000 i auka lønskostnader
 2. kr.20.000 til ekstra utstyr og materiell
 3. Meirinntekt foreldrebetaling ca. kr. 42.000,-
- Netto kostnad blir: kr. Kr. 248 000,-

PS 151/13 FRAMTIDIG LOKALISERING AV HERØY FOLKEBIBLIOTEK

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.11.2013

1. Kommunestyret ber Rådmannen utarbeide funksjons- og arealanalyse til nytt Herøy folkebibliotek med plassering på Kulturhusområdet.
2. Komite for næring, kultur og idrett og styret for Herøy kulturhus skal involverast i prosessen med å utarbeide funksjons- og arealanalyse.
3. Funksjons- og arealanalyse skal leggjast fram for Kommunestyret til endeleg behandling.

PS 152/13 VEDK. BYGGING AV 3. BYGGESTEG AV HEID TURLØYPE

Møtebehandling:

Bjørn Otterlei reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er med i arbeidsgruppa som har arbeidd med turstien. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Bjørn Otterlei vart samrøystes kjend inhabil etter KL § 40, Fvl § 6, andre ledd.

Frank Otto Kvalsvik reiste sitt habilitetsspørsmål. Han sit i hovudstyret til Bergsøy IL og er med i arbeidsgruppa som har arbeidd med turstien. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Frank Otto Kvalsvik vart samrøystes kjend inhabil etter KL § 40, Fvl § 6, andre ledd.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.11.2013

1. Herøy kommune tek på seg å vere byggherre for utbygging av Heid Turløype 3. byggesteg i samarbeid med Bergsøy Idrettslag, Trimgruppa etter same mal som tidlegare byggesteg og skissert i saksutgreiinga.
2. Kommunestyret godkjenner vederlagsfri framleige til kommunen av leigeavtalar for 3. byggesteg som Bergsøy Idrettslag, Trimgruppa har gjort med grunneigarane for 35 år frå 01.01.2014 til 31.12.2046 vedk. Heid Turløype.
3. Kommunal eigenfinansiering i 3. byggesteg er avgrensa til momskompensasjon i prosjektet i tillegg til kr 100 000 foreslått i økonomiplanen.
4. Kommunestyret gjev ordføraren fullmakt til å godkjenne naudsynte avtalar mellom Herøy kommune og Bergsøy Idrettslag, Trimgruppa når alle formalitetar er avklara.
5. Anleggsprosjektet, 3. byggesteg, kan ikkje starte opp før all finansiering er på plass og nødvendige dispensasjonar og godkjenningar er gjort i høve kommuneplan, jordlov og plan- og bygningslova.

PS 153/13 RETTLEIING FOR DIMENSJONERING AV VEGAR MED TILHØYRANDE AREAL - FORSLAG

Møtebehandling:

Maritim og teknisk komite si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.11.2013

Rettleiing for dimensjonering av vegar med tilhøyrande areal vert vedteken.

PS 154/13 VAL AV SKULE, RETNINGSLINJER

Møtebehandling:

Skuleleiar Sølvi Lillebø Remøy møtte i saka.

Det vart halde gruppemøte.

Komite for oppvekst si tilråding vart vedteke mot 1 røyst.

Vedtak i Kommunestyret - 28.11.2013

1. Kommunen sine vedtekne krinsgrenser er eit overordna prinsipp
2. I visse høve kan ein opne for dispensasjon og innfri byte av skule, t.d. ved at foreldra skal flytte til/frå ny skulekrins innanfor eit skuleår.
3. Dersom det ligg føre tungtvegande grunnar med fagleg uttale frå hhv skule, PPT, barnevern og/eller helse, kan ein elev flyttast til annan skule.
4. Handsaming av søknad om byte av skule vert gjort som enkeltvedtak etter opplæringslova §8.1, med klagerett til fylkesmannen etter forvaltningslova.
5. Komite for oppvekst ønskjer status for antall klagesaker for 2014 og vil då ta saka opp til ny vurdering.

PS 155/13 VAL AV VARAREPRESENTANT TIL ARBEIDSGRUPPE FOR KOMMUNEDELPLAN FOR TRAFIKKTRYGGING.

Møtebehandling:

Valnemnda si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.11.2013

Til vararepresentant i arbeidsgruppe for kommunedelplan for trafikktrygging vert vald: Stian Elveseter.

MØTET SLUTT KL. 19:45